REGIONSAMLING FOR ORGANISASJONSEIGDE KULTURBYGG I VIK

TORSDAG 08. JUNI KL 19.30 – 21.30

Ynskjer du å styrke ditt lokale kulturbygg?
Treng du idear til aktivitet og arrangement?
Då er dette samlinga for deg.

PROGRAM:

- Feios ungdomslag vil innleie samlinga med å fortelje om ungdomshuset. Dei har lagt ned eit stort arbeid i å renovere kjøkenet og vil dele sine erfaringar frå arbeidet.
- Om "Huset i bygda"
- Aktivitet og økonomi
- Søknadskriving og tilskotsordningar

Det vert enkel servering. Kveldssamlinga er GRATIS.

Målgruppe: Alle som er med å driftar eit organisasjonseigd kulturbygg (grendahus, lagshus, ungdomshus, samfunnshus, bygdahus, bedehus)

"Huset i bygda" ynskjer å registrere kulturbygga iVik i ein nettbasert husdatabase. Send foto/info (sjå vedlegg) av kulturbygget dykkar på e-post, eller ta det med på samlinga!

PÅMELDING INNAN ONSDAG 31. MAI

Send e-post til : christoffer@ungdomslag.no
eller send sms/ring til mobil 480 04 817
(Hugs å skriv namn på deltakar / kulturbygg/ e-post)

Sjå www.husetibygda.no og besøk oss på facebook (https://www.facebook.com/Huset-i-bygda-109117662448414/?fref=ts)

Om "Huset i bygda"
Gjennom prosjektet "Huset i bygda" skal vi løfte fram og styrke dei organisasjonseigde kulturbygga i Sogn og Fjordane, slik at dei vert hus for framtida. Kulturbygga skal bli styrka som sosial møtestad, som arena for utøving av kulturaktivitetar og andre aktivitetar for positiv utvikling av lokalsamfunnet.

Gjennom prosjektet vil vi gje dei som eig og driv kulturbygg nye verktøy og ny glød i arbeidet med å skape framtidsretta kulturbygg. Dette vil skape auka kulturaktivitet og samhald i bygdene.

I dag er det få, utanom huseigarane, som kjenner eit overordna ansvar for ungdomshusa, bygdahusa, samfunnshusa, grendahusa og andre organisasjonseigde kulturbygg i fylket.

"Huset i bygda" er eit nyskapande og samfunnsbyggjande prosjekt, eit viktig bidrag i utviklinga av bygdesamfunna.

Hovudmål
"HUSET I BYGDA – ein kulturarena der du bur -" skal skape synlegare og sterkare organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Ungdomslag står bak prosjektet som starta i 2010.

HUSET I BYGDA